

Jon Gorrie vil at koret skal nå ein høgare standard:

Ørskogkoret med ny dirigent fra New Zealand

- Eg har to målsetningar med å vere dirigent, seier Jon Gorrie (37), opphavsveg frå New Zealand.

- Det skal vere gøy å synge i kor, og vi skal nå ein høgare standard.

Frå i år er han fast dirigent i Ørskogkoret.

BB - RUTH JANNE VINJE

- Målet er å få med fleire medlemmar i Ørskogkoret, seier Jon Gorrie.

- For å verte ein god dirigent må ein ha god kunnskap om musikk, musikkvitenskap og også kroppspråk. Det er veldig givande å vere dirigent. Eg gir energi - og får masse energi tilbake.

Ein triveleg gjeng

Jon Gorrie kom inn som dirigent i Ørskogkoret på slutten av fjoråret.



Jon Gorrie er den nye dirigenten i Ørskogkoret. Her er frå ei av øvingane før jul. (Foto: Janet Roelofs)



Jon Gorrie dirigerer både Ørskogkoret og Ålesund Mannsangforening, og spelar trompet på profesjonell basis.

Koret hadde då hatt eit turbulent år når det gjeld direksjon, med heile seks forskjellige dirigentar. Janet Roelofs i Ørskogkoret fortel at medlemmane likar godt den nye dirigenten.

- Han brukar mykje humor under øvingane, samtidig som han veit korleis han skal fange oppmerksomheita vår, seier ho.

Dirigenten seier på si side at etter fire øvingar, verkar dei som ein triveleg gjeng.

Allsidig innan musikk

Jon er i tillegg dirigent for Ålesund Mannsangforening. Han har dirigert Tomrefjord Songlag, men kjem ikkje til å vere deira faste dirigent i år. Han spelar trompet på profesjonell basis og har spelt i symfoniorkester og ved Operaen i Gøteborg.

- Eg har vore freelancar som

trompetist i fleire år, men no konsentrerer eg meg mest om å dirigere, seier han.

Han har også gitt ut fleire bøker og gitt forelesningar.

Flott å bo i Skodje

Jon Gorrie har vore mykje på farta sidan han flytta frå heimlandet New Zealand i 2003. Han har budd i Sverige, Austerrike, Norge, på Malta og i England.

- Eg flytta til Sverige for utvikle meg profesjonelt, seier han på flytande svensk. Han bodde i Gøteborg i tre år, og flytta sidan til Kirkenes for å jobbe på kulturskulen der.

- Eg vart anbefalt å søke jobb på Kulturskulen i Ålesund, og fekk der stilling som musikkfagleg leiar. Eg har personalansvar for 15 lærarar innan sang og blåseinstrument. Totalt er det 50 tilsette i kulturskulen.

Jon flytta til Skodje i oktober og synest det er ein flott stad å bo.

- Det er vakkert der og slik ei flott utsikt over fjorden, seier han.

Når vi lurar på om han har familie, svarar han avkreftefaste.

- Men eg har kjærast i Gøteborg.



- Ørskogkoret hadde eit turbulent år når det gjeld direksjon i 2014, med heile seks forskjellige dirigentar, fortel Janet Roelofs.